



# Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«KONTAKT»

Vår ref	Dykkar ref:	Saksbehandlar	Dato
2018/18/10/033	«REF»	Andrea Brennhaug	05.11.2018

[andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no](mailto:andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no)

## Referat frå møte i Brukarrådet den 2. november 2018

Møtestad: Kantina på kommunehuset.

Møtetid: 09:00 – 11:00.

Forfall: Eva Therese Hyrve – varamann ikkje innkalla

### Sakliste:

Sak nr. 17/18: Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjenning av referat.

Sak nr. 18/18: 5. dagars skuleveke.

Sak nr. 19/18: Digitalisering.

Sak nr. 20/18: Befaring ved Skjåk barne- og ungdomsskule.

### Sak nr. 17/18:

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste. Referat godkjendt.

### Sak nr. 18/18:

Brukarrådet har diskutert saka, men tykkjer ho er vanskeleg å ta standpunkt til. Dei meiner det er svært viktig med leksehjelp, slik at ungane har fri når dei kjem heim, dersom det blir 5. dagars skuleveke. Det må vera kvalifisert leksehjelp.

Brukarrådet er opptekne av at innhaldet på skuledagen blir meir praktisk – td. laga eit årshjul for undervisninga der friluftsliv og handverk blir fokusert på.

**Postadresse**  
Moavegen 30  
2690 Skjåk

**Heimeside**  
[www.skjaak.kommune.no](http://www.skjaak.kommune.no)  
**E-post**  
[post@skjaak.kommune.no](mailto:post@skjaak.kommune.no)

**Telefon**  
61217000

**Bank**  
2085.07.40004  
**Org.nr**  
961381096



Sak nr. 19/18:

Skjåk kommune må leggje ut informasjon på heimesida og eventuelt annonsera i Fjuken opplysningar om korleis innbyggjarane skal bruke digitale plattformer som t.d. Altinn og varsling 24:7. Det må også orienterast om korleis ein skal t.d. gå inn på 24:7 og endre på opplysningar slik at alle i husstanden får melding – det gjer ein ikkje i dag.

Kommuna må leggje ut telefonnummeret til reservasjon mot digital forsendelse.

Sak nr. 20/18:

Brukarrådet er nøgd med store fine skilt med god kontrast. Dei saknar ledeline frå hovedinngang – fram mot skranke. Dette var noko Brukarrådet understreka da planane var presenterte.

Viser til teknisk forskrift (tek. 10) kommunikasjonsveg §12/6.

Det må vera taktilt merka skilt på dører til toalett og fellesrom. Informasjonstavle ved inngang må og vera taktil.

Det er for høg vask på SFO rommet med tanke på små barn.

Kopi til:  
Svein Holen

Eyth. Basmen.  
Vidar Vægå